

DEN GAMLE FERDSLEVEGEN MILLOM EKSINGEDALEN OG TEIGDALEN

Gulleik Brekkhus

Gulleik Brekkhus f. 1908, bonde på Brekkhus i Teigdalen. Han har vore ein aktiv person med mange verv i ulike organisasjonar. Var med i Evanger heradsstyre og formannskap. Gulleik har gode lokal historiske kunnskaper. Han var også medlem av Voss Bygdeboknemd.

Forteljinga er henta frå Gamalt frå Voss, hefte IX, 1977.

Evanger vart eigen kommune i 1885, og gardane i Eksingedalen frå Gullbrå til Fosse høyrde til Evanger. Tidlegare høyrde den delen av Eksingedalen til Voss kommune.


Vegen frå Eidsland opp til Fosse var komen kring 1908. I 1921 tok det til att med vegarbeid frå heradsgrensa nedanfor Fosse, og i 1929 var vegen komen fram til Nesheim, og overlevert til fylket med ein vegfest på Nesheim i 1930.

Først i 1959 vart vegen førd fram heilt til Gullbrå.

På same tid som veganlegget tok til på Eidsland kring 1887, vart det i øvre dalen teke til med pengeinnsamling. Basarar og auksjonar skulde dekkja distriktstilskotet som gardsbruki sjølve måtte betala i den tidi. Innsamlinga av midlar heldt fram heilt til 1920.

Fram til 1920 hadde øvre Eksingedalen sin handel og samkvem med Brekkhus og Evanger. Men frå denne tid vart det bygd ein handelsfilial under Eidsland Samvirkelag på Lavik, og då vart det slutt på det gamle handelssamkvemet millom Eksingedalen og Teigdalen. Den gamle ferdslevegen tok mykje slutt.

Kyrkja på Nesheim vart bygd i 1907, og vart vigd i 1908. Den fyrste konfirmasjonen var her i 1914. På Nesheim var frå før ein gamal kyrkjegard, og der finst ogso gravhaugar. Men frå gamalt vart dei døde førde over fjellet og gravlagde på Evanger kyrkjegard. Barnedåp og vigsle var i Evanger kyrkje fram til 1907. Teigdalsvegen vart bygd frå Fadnes til Århus frå 1885 til 1899, ei anleggstid på 14 år. Før denne vegen vart bygd, var det ikkje handel på Brekkhus. Då hadde eksingedølene sin handel på Evanger - kanskje ogso lengre handelsreiser var naudsynt. På denne tidi hadde eksingedølene rett til å beitle hestar og bufe i Brekkhus` hamn,



Kart over Eksingedalen og Teigdalen.
 Dei gamle ferdslevegane er merka med A,
 frå Gullbrå og Ekse. B frå Nesheim og C, frå Bergo.

Kartkopi av kart utlant av BKK.

Mestadøyane og Fadnes i Teigdalen. Mestadbøndene nekta på slutten denne retten til eksingedølene, og dei vart stemnde til kommisjons.

Då vegen til Brekkhus var ferdig i 1899, vart det ogso handel på Brekkhus - ved Simon Brekkhus. Seinare ein handelsmann til - Anders Brekkhus.

I denne tidi, fram til 1920, hadde so å seia heile Eksingedalen handel og samkvem med Brekkhus i Teigdalen. Det er denne bolken eg har opplevd og kan minnst. Det meste av varene laut først på hesteryggen, og det var særleg om hausten dette gjekk for seg. Men ogso om våren var det mykje reiding og bering. Eg minnst so vel desse lange radene av reidslehestar og folk som kom ned over Gamlebråtene i seine haustkveldar. Det stod hestar i alle smette, og dei vart etter kvart sette inn under dei gamle låvane. Hestane stod på kvilefot med salmerket innpressa på den svette hesteryggen. Hestekjeftane gumla og mol på det grønne, angande turrhøyet dei sjølve hadde bore med over fjellet. Eit gamalt herm: Det beste i Vossaveldet er: Ekses-bøen, Trefalls-stølen, Bjørkes-skogen og Gjerdesåkeren.

I alla fall var det tungt, godt høy dei hadde til hestane.

I kløvi var det store embare med smør og gamalost, heile sumarsdråtten frå stølane. Dei var store stundom desse smørembarane, opp til 2 våger. Eg kan minnst det var skiftande fargar på smøret når handelsmannen tømde or og skar over. Det kunne vera mange kjerningar i dei største embarane, og kvar kjerning hadde sin eigen farge. Men smøret var godt salta og framifrå godt. - Ja, det luktar so godt av smør og gamalost saman med dampande hestesveitte.

Dei som kom frå Ekse og Gullbrå brukte to dagar på ferdi, men frå Trefall og nedanfor greidde dei turen som regel på ein dag.

Full kløv var 1 tunne gods (mjøl eller korn 100 kg), og stundom litt «i middlo» som dei sa. Ja, hadde det vore vege alt dette som heste- og mannerygg har bore over fjellet til gards og tuns i Eksingedalen, og hadde dei vorte sette i rad og rekkjer dei fyllte kløvkjessene til og frå på denne ferdslevegen, ja då trur eg me betre kunde skjønna «kampen for tilværet».

Ekse og Gullbrå reidde og gjekk om Øvrefjell, om Eksestølen, Brattefonn, Galdane, Krossaleitet, Reinsgrøvene og ned til Vinningsleitet. Då kom dei på høgaste overgangen på Nèrafjellet, på same vegen som dei andre frå «Dalen». Ekse og Gullbrå hadde vedlikehaldet på denne vegstrekka, og måtte ogso vera med på vedlikehaldet i Brekkhuslidi saman med dei andre.

Frå Trefall til og med Fosse var dei saman om vedlikehaldet på Nèrafjellet. Vintersdag var det å taka børi på ryggen og gå på ski, og bera att og fram det som til skulde. Det var sjeldan dei køyrde med hest på vinterføre. Men det hende at husvyrkje vart køyrd med hest når det leid mot vårparten. På den gamle ferdslevegen var det faste kvileplassar for hest og mann. Kløvi vart nedsett, og sal med léfföt (salputer, baossù) teke av so den sveitte hesteryggen fekk luft og kvild, og hestene ei stund å beita. Desse trauste kløvhestane hadde slik tame at dei ikkje vart styrde

med taum eller leidde, men gjekk føre husbonden sin - som oftast òg hadde tung bær. Vinnkallen eller Massingfoss var fast kvileplass opp frå Brekkhuslida, og dei som for Øvrefjellsvegen avkløvja på Eksestølen. Olav Gullbrå fortel at når dei kom på Krossaleitet, fekk hestane slik heimhug at karane hadde vanskar med å halda fylgje. Det kunne vera nokso vanskeleg å ta seg fram stundom når det leid på hausten med klake og krying. Då måtte hestane vera godt skodde med hakasko eller brodsaum. Ein hest frå Ekse for utføre på slik isa før i Reinsgrøvene.

Det vart bore ein del røykekjøtt over fjellet, men elles vart bufeet levert levande - både kyr, sau og geit. Bufeet vart gjerne drive frå kvar gard for seg, men stundom var fleire eigarar ilag, og då vart det store drifter. Pøsemakarane på Brekkhus og Århus tevla seg-imellom med 1 og opp til 2 øre kiloen for kjøtet. Ja, då var det verkeleg liv i grendi, og det vart mang ein pussig og komisk handel.

Alle på Brekkhus budde i same tunet då, og kvart bruk hadde sitt namn: Midtstovo, Olastovo, Lønhaugstovo, Reinestovo, Endrestovo, Maons-stovo, Simons-stovo og Joans-stovo. Frå øvre Eksingedalen hyste me her på Brekkhus kvar sine folk. Gullbråfolket budde hjå Maons-stovane, Helge-Knut-folket budde i Midtstovo og Jo-folket på Ekse budde på Løhaugen. Noko Trefallsfolk budde på Reino. «Oppigardane» på Brakestad budde i Midtstovo, og dei andre på Brakestad budde i Endrestovo og Simons-stovo då dei var i nær slekt. Gamle Helge Bergo budde i Ola-stovo, der Gullak Brekkhus (fødd Mestad) budde. Gardane nedanfor heradsgrensa var meir tilfeldige gjester og budde gjerne kvar som helst her, men frå Fjeldang (Fjellanger) hadde dei fast husvære i Joans-stova, då der var nær slekt. Me i Midtstovo, der eg høyrde heime, hadde to senger på kvar side på stovelemmen. Sengene til venstre når me kom inn, vart kalla Eksingedals-sengene. Det var dobbelt senger alle på stovelemmen. Vart det fleire gjester enn desse sengene tok, måtte me ungane liggja i sengebekken. Ja, det var reint hugnadlege stunder å høyra på røda og radlet på stovelemmen. Han Knut Ekse, Helge-Knut dei kalla, vart eg mykje glad i då eg var gutunge. Når dei faste gjestane våre kom - trøytt og sveitte - var mor mi stad og fann drikka. Det var oftast ei stor kvit krus med ei bleikraud rand ikring fylt til trommi med varm eller kald skummamjolk om vinteren, og vår og sumar var det surmjolk-drikka. Eksingedølene hadde god utnisting. Flatbrødlefser og slikt som stod seg frå gong til gong hadde dei liggjande noko på lager her. Gamle Helge Ekse var meisterkock, og han fekk aldri den rette smaken på maten utan at den var laga til av han sjølv. Kornet måtte vera turka på ein særskilt måte skulde det verta rette smaken på grauten. Han kokte rjomegrauten når det var barnedåp og andre veitler. På Brekkhus vart det mange slike veitler då dei måtte overnatta her, i alle fall frå øvre Eksingedalen.

Dei var mange gonger ille farne av ver og vind, og trengde både til byte av kler og ei varm stove. Eg minnest som ung ein av våre stamgjester - Joans Brakestad - kom til tuns med ei slakteku. Det var snø i fjellet med vadlasletta (sludd) radt heim, og dertil sterk vind. Kui hadde vore trå til å gå, so det tok lang tid over fjellet. Då folk her

fekk auga på han, trengde han hjelp med ein gong. Mor og far stødde han inn i stova, og fekk dei våte, kalde kledi av han. Dei bytte på han varme ullklede og tødde han opp med varm mjølk. Då han kom til hektene att, sa han: «Eg ha no alder vò so nær da so den gònjæ.»

Det hende vintersdag at same var ille ute med snøras som nær hadde kosta livet. Millom Massingfoss og Gjéli er det ein stad som vert kalla Likhaugen. Sume seier det var kvileplass når dei reiste med sine døde til Evanger kyrkjegard. Andre seier at mange menneskeliv gjekk til då ein snøskavl stokk ned.

Nokon av dei eldste som er att i Eksingedalen gjekk for presten til Evanger. Olav Gullbrå og Jon Trefall er millom dei. Det var lang og strid lèsingaveg. Det gjekk minst to dagar på turen, og Jon Trefall fortel at han låg i utlødene i Brekkhuslidi når det leid ut på sumaren. Fyrste gongen Jon Trefall reiste med og etter kløv var han berre 10 år. Det var gamle Sjur Trefall som laga kløvi på Brekkhus. Jon fortel vidare at det var vanleg dei kom til Brekkhus i 11-tidi på føremiddagen. Etter å ha handla og laga til kløvi tok dei strakst på heimveg. Dei hadde kvilestund ved Massingfoss. Det var 1 tunne korn eller mjøl dei tok i kløvi, og stundom var det litt «i middlo». Dei tok gjerne ei mindre bør sjølve ogso når dei reidde. Smøret salta dei og bar det til vanleg på ryggen. Men so vart det til det at dei skulde levera usalta smør, og då måtte dei kjerna og bera kvar 14de dag.

Under førre verdenskrig kom Jon Trefall heimatt etter å ha vore i Bergen ei tid. Då fanst det ikkje matmjøl i huset. Likevel drog han fyrst i utmarki og slo i Langeskredena til middag, og sidan bar han i 21 hesjar i Røyrdaalen. Reiste so til Brekkhus og tok ut alt det mjøl og sukker han fekk ut på korti - 50 kg mjøl og 15 kg sukker. Dette tok han i ei bør. Då han kom i Nesheimsviki fekk han båtskyss hjå budeiene der, so han slapp gå den lange vegen «omkring», som dei sa. Då dei kom til Nesheimsladet, hadde båten noko stor fart og børi hans Jon for i vatnet, men han fekk berga den oppatt i båten. Av budeiene fekk han låna eit spann til å ha det våte sukkeret i, og med mjølsekken på ryggen og sukkerspannet i børtampen på bringa bar han det heile til Trefall. Det har vore meir enn 65 kg no --. Det er 1,5 mil frå Brekkhus til Trefall.

Snarefangst var ei god attåtnæring, og mykje fugl var det. Brita Gullbrå fortalde at det var so mykje rjupa på Kjeringanosi at ein kunne tru det var snjo. All fangsten vart boren over fjellet til Brekkhus, og prisen var heilt nede i 35 øre rjupa.

Ein gong Jon Trefall saman med faren skulde til Brekkhus etter varer, vart det vébyte med vadlasletta og regn på tilbaketuren. Det klabba slik på skiene at dei kom ikkje nokon stad. Dei hadde ikkje kniv med seg, men dei hadde ein sølv-tokroner som dei skrapa skiene med - og fram kom dei denne gongen ogso.

Den tyngste børi Jon Trefall har bore denne vegen var 75 kg. Han seier at rygg og bein har helde til denne dag, og han har aldri kjent gikt eller liknande plager.

Etter at kyrkja på Nesheim vart reist hadde prestane preik der til faste tider. Det vart då prestane sin tur å fara over fjellet. Men prestane gjekk just ikkje dei. Det var presteskyss i Teigdalen og ridehest over fjellet, og prestens medhjelpar gjekk etterpå med den tunge børi som prestane måtte - og ikkje måtte - ha med seg. Min konfirmasjonsprest - O.K. Eliassen - var den fyrste presten som gav avkall på ridehest. «Ingen hest skulde sukka under børi hans», sa han, og sidan gjekk dei prestane som kom etter, ogso til fots. Eliassen bar ogso børi si på eigen rygg. Det var uråd for andre å få bera sekken hans. Ein gong bar det til at eg fekk bera sekken hans frå fjellet og ned til Nesheim. Då eg tok sekken av meg i Nesheimstunet, sa han:

«Ja, vad blir jeg skyldig nå?». Eg svara at det var vel eg som var skuldig som hadde fenge den æra å bere ryggsekken til presten. Dette hugsa presten sidan, og tok

det fram i visse høve. Eg var ung den gongen - men Eliassen var ein god ven. Presten Broch som døydde på fjellet, gjekk på ski då det hende.

Det var ein sein vår og snøen låg heilt heim i tuni. Det var Helge Brakestad som fylgde presten på denne siste ferdi. Då dei kom til Fribotnen hadde dei vunne over verste kneikane, og det vart liksom opnare og ljosare opp mot Vinningsleitet. Presten stogga opp med den jamne snøsletta framfor seg og sa: «Hei, nu har vi vundet!» So seig han ned og var død med det same. Sjur Nesheim, Hovda, kom



Minnestein over sokneprest Broch. Utlånt av Gulleik Brekkhus

til straks etterpå. Han var diakonutdanna, men der var ingen ting å gjera. Helge Brakestad gjekk strakst tilbake til Brekkhus og melde frå om dødsfallet. Karane i Brekkhusgrendi laga til det utstyret som trongst for å få den døde presten heim. Då dei kom til Brekkhus med han, bar dei han inn på eit gjesterom hjå oss, og han låg der til dagen etter - som var sundag. Eg var fleire gonger inn og såg på den vakre presten. Eg var ikkje fylt 9 år då -.

Dette gjorde eit sterkt inntrykk på alt folket i bygdi. Seinare vart det av folket på Brekkhus reist ein minnestein der presten døydde, med desse ordi innhogde: «Her døydde sokneprest Broch 5te mai 1917.» No er det kome bilveg over fjellet, men den ligg vestanfor i eit anna dalføre, so minnesteinen er det no ikkje så mange som får sjå. Men før, når vegen gjekk framom steinen, var den stendig pynta med grønt og blomar.

Ja, det er mange prestar som har vandra denne ferdslevegen. Ein prest som heitte Høyer var interessert i å fiska. Ein dei kalla Store-Jakob Ekse var medhjelparen hans og bar børi hans mange gonger over fjellet. Ein gong dei reiste Øvrafjellet og dei kom til Krossaleite, spurde Høyer han Stor-Jakob om desse store kjempesteinane, korleis dei kunde ha vore liggjande på desse toppane. «Jau», sa han Jakob, «da va i syndeflodens ti da , naor stain flaut og trèe søkk». «Hør, hør på overtroen!» sa Høyer. «Nei, det holder ikke det, det står at Arkens standset på Ararats Bjerg i den da bekjendte Verden, og Ararats Bjerg er jo ikke noe høit Fjeld mot våre Norske Fjelde». Då sa Jakob: «Mùn da ikkje ha sijé dao?» «Hør, Jakob er ikke god å komme ut for», var presten sin kommentar. Høyer var ein ivrig fiskar, og det hende ogso at han fiska på sundag. Ein gong på desse ferdene ymta han Jakob om at det kanskje var synd å fiska på sundag, og likeins gå på jakt. Men då svara Høyer at det var «nærmest apostolisk å fiske da». - Ein gong desse to var i Beinhelleren og fiska, låg dei i eit sel der med gamal halmbol i sengi, og dette bolet var ikkje fritt for uty. Om morgonen stod dei tidleg opp og presten riste og skok seg. Presten fekk Jakob med seg ut og opp i ein bakke der morgonsoli stod godt på. Han sette seg under eit blomkjerr og tok alle kledi av seg. Desse hivde han burt til han Jakob som skulde jakta på utyske som var komne i undertyet. Etter ei stund spurde presten: «Finder du noget, Jakob ?» «Ja-ha» svara Jakob. Er det Graaben, maaske?» «Na-hai, dai æ svarta -».

Ingebjørg Geitle og Barbrå Ørrevik var legder. Dei hadde vore i Eksingedalen på legd, og dei hadde fenge nokso mykje med seg på tilbaketuren, so dei bar tungt. Då dei gjekk over groi i Gjeli, datt Ingebjørg Geitle igjennom ei snøfonn og ned i groi som rann strid under fonna. Ho naudropte på den andre om hjelp, men Barbrå Ørrevik svara: «Å, naimenn kjemm` eg ikkje på lènje endao». Då dei kom til Hølebrøtet fekk dei kjeringahals. (Børatoget strypte kring halsen). Der var folk frå Brekkhus der som vilde vøla om børenne deira so dei kunde bera på skapleg vis, men då sa Ingebjørg: «Å, me æ`kje for goa te å lia».

I 1880 samlast bøndene i Eksingedalen på Nesheim, og sette opp ei skriftleg semje om vedlikehald og utbedring av vegen over fjellet til Teigdal. Dette dokument lyder soleis:

Frædagen den 20de Februar samledes samtlige Opsiddere i Eksingedalen fra Fosse til Gulbraa paa Gaarden Næsheim, paa 4 nær, far at samtale om Veiens Forbedring over Eksingedals Fjeldet til sine Hjem. Samtlige Opsiddere indse Nødvendigheden af, at Veien blev Forbedret og Arbeide sat igang. Hær blev saaledes Enighed om, at Brug omkring en Skyld-daler skal arbeide 6 - sex - Dage om Aaret, 3 - tre om to - om Vaaren og 2 - to - om Høsten. Da Veien falder i 3 Grene paa Fjeldet - Vindingsleitet - og enhver Gren har næsten ufremkommelige Stykker, blev Arbeidstiden for det første fordelt saaledes: 2 Dage om Vaaren i Brækhuslien og 1 dag paa Grenen til Hjemmet, likesaa 3 Dage om Høsten.

Oppsiddere paa delte Brug 1 dag om Vaaren i Brækhuslien og 1 Dag paa Grenen til Hjemmet ligesaa 2 Dage om Høsten, alt paa Betingelse af, at de som benytter bemelte Vei som Sætervei svare 2 - to - Arbeidsdage hvær Vaar, hvilket man ogsaa tør antage, at de ikke ville undslaa sig for. Dersom Arbeidet bliver sat igang, da indeles Opsidderne i Roder, som Hver har sin Rodeforsander med Pligt og ret til at tilsige samtlige Rodemænd til Arbeid paa de dertil bestemte Tider. Tillige skal han have Ret til, om nogen udebliver fra Arbeidet nævnte Aarstid og dag efter Tilsigelse, da skal Rodeforsanderne have Ret til at leie i de Udeblevendes Sted for nævnte Dagløn kr. 1,40 om Vaaren og kr. 1,00 om Høsten alt pr. Dag.

Tillige bestemmes det ogsaa hær, at denne Kontrakt skal være bindende for de første 3 Aar, da man tør haabe at bemelte Vei senerehæn kan blive underlagt Amtets offentlige Veivæsen.

Garden Næsheim den 20de Februar 1880.

Bergje Johnsen Guldraa

Johan Knudssøn Exe

m. p. P

Lars K. Træfald

L.N. Næsheim

Knud H. Bergo

Simon S. Bindingsbø m.f.p

K. Brakestad

Johan N. Træfald

L.J. Næsheim

N.S. Bindingsbø

Helge Knudssøn Exe

M. p. P.

Sjur S. Træfald

H.K. Bergo

Gulak H. Bindingsbø

Ole N. Fosse m.f.p.

O.A. Fosse

Lars N. Nesheim som har skrivi under denne kontrakti var den siste postføraren over fjellet, då postføringa seinare har gått oppover Eksingedalen.

I sjukdomstilfelle tok doktorane på Voss mange harde turar. Det var hesteskyss i Teigdalen med dei sprekaste hestane, og ridehest over fjellet når det var snøfritt. Vintersdagen på snøføre var det å ta skiene fatt. Distriktslækjar Harlem tok mange harde tørningar på denne vegen, både sumar og vinter. Folk fekk tillit til og stor vyrnad for desse oppofrande og ansvarsfulle mennene som tok seg fram i uver og storm, berga liv og sløkte sorger so mang ei gong.

Ein ting som heller ikkje må gløymast, var preikesundagane i Nesheimskyrkja ved høgsumar. Då drog gamle og unge frå Teigdalen - og gjerne frå Evanger - i flokk og fylje til Nesheim. Den gjestevenskapen som dei to huslydane der la for dagen var storveges. Det var som eit stort brudlaupslag som vart bede inn til gjestebod på kvar av gardane. Ein vert både mild og varm i hugen når ein tenkjer tilbake på ein slik preikesundag på Nesheim.

Ja, mange er dei som har gått denne ferdslevegen. Dei levde ofte i tronge kår, og for mange var suti for utkoma til seg og sine ei tyngre bør å bera enn den dei hadde på ryggen. Om kvilestadene og vegvardane på Nèra- og Øvrafjellsvegen kunde tala, so kunde dei fortelja mykje om slit og møda, sut og sorger. Men òg om gleda og elskande hjarto i kjærleik og tru - fotefar på fotefar.